



Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsvegen 129
5252 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12435 - 20/55615

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
07.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr. 488/22 Sæbø Ytre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 488/22
Tiltakshavar: Evy Bjørvik Dame og Tor Frederik Dame

Alver kommune har den 26.06.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 24.06.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Sæbøvågen 71, 5938 Sæbøvågen. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. I følgje Norva24 AS har same tilstanden vore rapportert ved tømning i mai 2018. Tilstanden er ikkje utbeta.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Lekkasjen må utbeta. Frist for arbeidet vert sett til 10.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbeta forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbeta tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Evy Bjørvik Dame
Tor Frederik Dame

Ytrebygdsvegen 129
Ytrebygdsvegen 129

5252
5252

SØREIDGREND
SØREIDGREND